



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2019/3368

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 27.09.2019	Fylkeshuset, møterom 700

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Frostad Liaset	X	Karoline Stølen	
Solveig Tjosaas	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen		Morten Larsen	X
Are Kristofer Hjeltnes	X	Siv Lilleholt	
Tone Nord	X	Hege Myklebust	

Andre:
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71280203	28.10.2019

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller til referat frå møtet 11.6.2019.

Saksliste

18/2019	<p>Omstilling 2020 - delprosjekt (P5) Organisering og struktur for den offentlege tannhelsetenesta (orientering og drøfting)</p> <p>SAMU-T har status som referansegruppe for prosjektet. Morten Larsen orienterte om status og vidare framdrift i prosjektet. Prosjektrapporten har deadline 14. oktober og skal beskrive framtidig organisering og klinikkstruktur. Fullfinansiering blir avgjerande for å sikre stabil bemanning, godt arbeidsmiljø og tenestekvalitet. Meir ambulant og oppsøkande behandling må påreknast i ein struktur med færre tradisjonelle klinikkeiningar. Drøftinga viser at det blir viktig å finne balanse mellom faglege utfordringar og akseptabel arbeidsbelastning for å bygge attraktive og stabile fagmiljø i ein rekrutterande tenestestruktur.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjon om status i P5, delprosjekt tannhelse, til orientering.</p>
19/2019	<p>Orientering - sjukefråversutvikling 2. kvartal 2019</p> <p>Morten Larsen orienterte, etterfølgd av kommentarar og innspel om utfordringar i sjukefråversarbeidet. Fråveret ligg omtrent på same nivå som tilsvarende kvartal dei føregåande åra. Fråversmønsteret er noko endra med auke i fråver på Sunnmøre og nedgang på Nordmøre/Romsdal. Det blir gjennomført temadag sjukefråver for leiarar i tannhelsetenesta 4. desember 2019.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråvær til orientering.</p>
20/2019	<p>Orientering - rekrutteringssituasjonen per september 2019</p> <p>Morten Larsen orienterte om status for stillingar utlyst så langt i 2019. Sjølv om det i praksis er innført stillingsstopp i fylkeskommunen (som følgje av innsparingsbehova) er tannhelsetenesta heilt avhengig av å tilsette nye medarbeidarar av omsyn til å halde oppe tenesteproduksjonen og unngå auka belastning på tilsette.</p>

	<p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
21/2019	<p>Orientering - aktuelle bygge- og rehabiliteringsprosjekt i tannhelsesektoren Morten Larsen orienterte om pågåande og planlagde bygge- og rehabiliteringsprosjekt.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om bygge- og rehabiliteringsprosjekt i tannhelsesektoren til orientering.</p>
22/2019	<p>Orientering - oppdatering av HMS-retningslinje 07 - HMS-koordinator og HMS-retningslinje 14 – varsling HSAMU har gjort vedtak om oppdatering av dei eldste HMS-retningslinjene. Dei to retningslinjene er revidert for å bli betre tilpassa endringar i lovverk og nye samarbeidsformer.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om reviderte HMS-retningslinjer til orientering.</p>
23/2019	<p>Orientering – HMS-dokumentasjonsstatus per august 2019 Evalueringa av HMS-dokumentasjonen viser at alle 4 kompetanseregionane har god kontroll på oppdatering av HMS-mappene og at årshjulsaktivitetane i HMS-systemet blir godt følgd opp.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om status for HMS-dokumentasjon på kompetanseregionnivå til orientering.</p>
24/2019	<p>Open post</p> <ul style="list-style-type: none"> NAV arbeidslivssenter v/Tove Istad orienterte om den nye tilskotsordninga «Tilskudd til eksperbistand». Tilskotet kan vere aktuelt der ein arbeidstakar har lange og/eller hyppige sjukefråver. Arbeidstakaren, arbeidsgivaren og NAV skal være einige om at ekspertbistand er eit føremålstenleg tiltak. Tilskotet gjeld primært dersom fråværet ikkje blir løyst gjennom arbeidsgivar sin vanlege oppfølging under sjukefråveret.